

Høringsuttale frå Åmli Nei til EU

Årsmøtet i Åmli Nei til EU krev at regjeringa må gjere ein konsekvensanalyse av kva tenestedirektivet vil innebære for Noreg. I ein slik gjennomgang er det viktig å sjå på verknadane i høve til sosial dumping og kva som vil kunne skje i høve til velferdsstaten. Tenestedirektivet har vore svært omstridt også innan EU. Det vedtatte direktivet er så uklart at det blir EU-domstolen som til slutt kjem til å avgjere korleis direktivet skal tolkast og kor mykje av opphavslandsprinsippet som framleis vil vere intakt.

Vi ønsker at regjeringa skal bruke den tid som er naudsynt til ei grundig og demokratisk handsaming av tenestedirektivet.

Åmli 14.02.07

Åmli Nei til EU v/leiar Karen Theresie Andersen

Karen Theresie Andersen